

Heilskapleg system for kvalitetsdialogar i Kvammaskulen

systematisk dialog og samarbeid om kvalitetsvurdering og -utvikling

mellom skuleeigar og rektor

i samspel med leiargruppa, lærarar, elevar og føresette

Bakgrunn

Kvam herad skal ha eit heilskapleg system for formelle kvalitetsdialogar mellom skuleeigar og rektor, leiargruppa, lærarar, elevar og føresette.

Framlegget byggjer på forskingsbasert kunnskap om og beste praksis for formelle lei- og styringsdialogar i skulen der hovudformålet er at samtalar og samhandlinga skal bidra til å sikra høg kvalitet på elevane si læring og trivsel. Sentrale dokument framlegget byggjer på:

- Forskingsgjennomgangen og sluttrapporten frå Ekspertutvalet for skulebidrag;
En skole for vår tid
- Kvalitetsutviklingsutvalet si delinnstilling og hovudinnstillinga;
Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel
- NOU- Kvalitetsvurdering

Utvalet sitt oppdrag har mellom anna vore å gi råd om endringar i dagens verktøy, prøvar og datakjelder, og gi framlegg til tiltak og nye modellar som kan støtta arbeidet med kvalitetsutvikling i skulane på alle nivå i lys av fagfornyinga. I sluttrapporten fra *En skole for vår tid* står det mellom anna:

Ekspertgruppens forskningsgjennomgang avdekket at kvalitetsutvikling i skolen påvirkes av kvaliteten på samhandlingen mellom skoleiere, skoleledere, lærere og elever. Forskerne understreker at det må være enighet mellom nivåene om felles mål, hva man skal gjøre, hvordan og hvorfor. De anbefaler mer arbeidsplassforankret lederutvikling, rettet mot å heve ledernes kompetanse i kvalitetsutvikling og kunnskap om resultater i vid forstand. Skoleledere og lærere må sammen tolke resultater og planlegge forbedringstiltak. Det er enighet i forskningen om at kvalitetsutvikling i skolen skjer best gjennom en helhetlig tilnærming med utgangspunkt i de enkelte skolens utfordringer og muligheter. Det må settes av tid til arbeidet, arbeidet må tas på alvor, møter må forberedes og ledes, og elevene må involveres ettersom de vet mye om hva som skal til for at de skal lære mer og bedre. Forskingsgjennomgangen viste at samordnet innsats mellom aktører og nivåer ser ut til å ha stor betydning. Det er viktig at skoleiere, skoleledere og lærere har kunnskap om og kan vurdere hvor pålitelige og gyldige resultatene er, og at de forstår hvilke resultater som er nyttige til hvilke formål, og hvordan resultatene skal presenteres slik at lærerne kan bruke dem i undervisningen. Ettersom skolens mål er både kort- og langsiktige, er det ikke mulig å måle alle forhold av betydning for skolens bidrag til elevenes læring.



Kvalitetsdialogar som er tillitsbaserte leiings- og styringsdialogar byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag om skulen sin kvalitet i opplæringa. Dette er i tråd med opplæringslova § 17-12, om at skulen jamleg skal vurderast i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidreg til å nå måla for opplæringa.

Det skal vera ein prosessguide for dette forarbeidet, slik at skulen utviklar kompetanse i vurdering av kvaliteten på skulen si opplæring. Utgangspunkt skal vera skulekvardagen, og imøtekoma og støtta elevar, tilsette og leiarar i arbeidet med elevane si faglege og sosiale læring og trivsel. Kvalitetsvurdering er basis for målretta kvalitetsutvikling gjennom skuleåret.

Kvalitetsdialogane skal bidra til:


- likeverdig opplæring i tråd med gjeldande læreplan og lovverk
- samarbeid og tillit mellom aktørane
- samspel mellom elevar og lærarar
- internkontroll

Føresetnader:

- strukturar og prosesser for samarbeid og dialog
- god leiing på alle nivå
- relevant kompetanse på alle nivå
- breitt kunnskapsgrunnlag
- elevmedverknad og foreldresamarbeid

Arbeidsform

Lærande møte og prosessar etter denne modellen:



Leiardialog 1; retning for skuleåret

I april/mai har skuleeigar og skulen gjennomført eit dialogmøte og formell leiardialog (Leiardialog 3) med brei deltaking frå skulen si leiing, tilsette, føresette og elevar. Dette dialogmøtet og resultat frå samtalane der kor skulen har hatt ei eigenvurdering, er grunnlag for skulen sine utviklingsplanar for nytt skuleår.

Når: Gjennomføring ved skulestart og innan 1. oktober:

Kven: Skuleeigar og rektor/ leiargruppe

Innhald:

- Leiing og styring gjennom å avklara mål, ambisjonar og forventingar til skulen på sentrale indikatorar for elevane sin trivsel og læring, knytt til strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet:
 - Elevresultat innan grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving, rekning og engelsk
 - Sentrale indikatorar knytt til trygt og godt lærings- og skulemiljø i elevundersøkinga
 - Skulen sitt systematiske arbeid med internkontroll med tanke på aktivitetsplikta kap. 9-A
(stikkprøve av rutinar på varsel- undersøking- tiltak- evaluering- dokumentasjon)
 - Utvalte medarbeiderresultat frå 10-faktor
 - Skulen sin struktur og organisering knytt til tydlege roller, mandat, arenaer for samhandling og utvikling
 - Avklara struktur på, forventingar til og skulen sitt handlingsrom i samhandling mellom skuleeigar/ leiar for skule og rektor
- Utvikla planar for korleis skulen skal nå måla

Korleis: Møte mellom skuleeigar og rektor/ skuleleiarar etter felles prosessguide for dialogmøtet som byggjer på formatet *Lærande møte og prosessar*.

Mål:

- skapa felles forståing av mål, retning og spesielt innsatsområde
- styrka samarbeidet mellom skuleeigar og skulane
- avklara og tydeleggjera roller og handlingsrom for rektor og skulen

Tidsbruk:

- Tidsbruk på kvalitetsdialogen: 3-4 timar avhengig av skulestorleik

Mellomarbeid til leiardialog i november:

Etter styringsdialogen skal rektor/avdelingsleiarar leia ein kollektiv lærande prosess der tilsette, elevar og føresette er involvert i å utarbeida ein utviklingsplan –etter felles mal for kommunen – som inneheld skulen og avdelingane sitt arbeid med:

- grunnleggjande dugleikar på alle trinn
- plan for skulens arbeid med sosial læring og eit trygt og godt lærings- og skulemiljø for alle
- plan for skulens arbeid med aktivitetsplikta 9- A.



Leiardialog 2 ; undervegsvurdering

I samtalen er det viktig å byggja tillit og skulen sitt samfunnsoppdrag og breie mandat. Leiar for skule skal vera til stades for skuleleiarane, engasjert i skulen si verksemd og interessert i å læra meir om kva skulane held på med, kjenna deira kontekst og handlingsrom og følgja opp skulen sitt arbeid med utvikling og dagleg drift. Leiar for skule skal også støtta skulen sitt samarbeid med andre instansar som BUP, barnevernet og helsetenestene. Samtalen skal og bidra til støtte og hjelp med å få orden på drift, økonomi og struktur og rammer for kvalitetsutviklinga.

Etter leiardialogen skal utviklingssamtalen mellom rektor og leiar for skule gjennomførast. Det skal sikra ein god samanheng mellom rektor sitt ansvar for og leiing av skulen si kvalitetsutvikling og støtte og krav til rektor som skulen sin øvste leiar. Hovudformålet med samtalen er å skapa motivasjon for utvikling ved å gi tilbakemelding til rektor på situasjonen i dag, og leggja til rette for gode jobbprestasjonar og rektor si utvikling. Ein god samtale vil dessutan vera eit viktig verkemiddel for å fremja eit godt arbeidsmiljø. Det skal vera ein felles mal for samtalen med forventning og krav til forarbeid og etterarbeid.

Når: november/primò desember

Kven: skuleeigar, leiargruppe og rektor

Innhald:

- drift av skulen og økonomi
- leiarstøtte og sparring i open dialog til gjennomføring av strategiar og tiltak
- ekstra fokus: nasjonale prøvar og kap. 9A (stikkprøve av rutinar på varsel - undersøking- tiltak- evaluering- dokumentasjon)
- semje om mål og retning og om kva som må gjerast og korleis skulane bør arbeida
- utviklingssamtale rektor
- medverknad

Korleis:

Del 1: skuleeigar og leiargruppe/ rektor etter ein felles prosessguide for dette dialogmøtet som byggjer på formatet *Lærande møte og prosessar*.

Del 2: utviklingssamtale mellom leiar for skule og rektor

Mål:

- sikra god samanheng mellom skulen sitt planlagde kvalitetsutviklingsarbeid og rektor sin utviklingssamtale
- bidra til å skapa motivasjon for utvikling ved å gi tilbakemelding til rektor på situasjonen i dag
- leggja forholda til rette for gode jobbprestasjonar og rektor si utvikling
- opne dialogar, godt samarbeid, medverknad, semje om mål og retning og om kva som må gjerast og korleis det bør arbeidast.

Tidsbruk for leiardialogen:



- 2-4 timar avhengig av skulen sin storleik og utfordringsbilete. Det vert brukt felles prosessguide for gjennomføring av leiardialogen. Utviklingssamtale: 1½-time.

Deltakarar: Rektor, avdelingsleiarar og leiar for skule, som er ansvarleg for planlegging og gjennomføring av møtet.

Etterarbeid og oppfølging: Revidera og vidareutvikla planar på skule- og avdelingsnivå.

UTKAST



Leiardialog 3; eigenvurdering av skuleåret

Innhald: todelt dialogmøte mellom skuleeigar og utviklingsgruppe med representantar for skuleleiing, tillitsvalt, lærarar og elevar.

Skulen førebur seg til møtet ved å gjennomføra ein eigenvurdering etter felles mål for kommunen. Spørsmål til eigenvurderinga vert laga i tråd med kommunen sin kvalitetsplan for skule, skulen sine utviklingsmål, kommunale satsingsområde og særleg utfordrande område. Eigenvurderinga vert knytt til resultat og analyse av elevane sitt læringsmiljø, samt skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Skulane gjennomfører interne møte med profesjonsfellesskapet for å analysa og drøfta resultat frå nasjonale prøvar, elevundersøkinga og andre informasjonskjelder. Skulane leverer si eigenvurdering i mars kvart år, og dannar bgrunnlaget for den årlege tilstandsrapporten.

Leiar for skule etablerer og leier ei utviklingsgruppe, som består av representantar for skuleleiarane og tillitsvalt. Dei har eit særleg ansvar for å sikra kvalitet og kontinuitet i felles utviklingsarbeid for skulane. Gruppa gir innspel til utarbeiding av spørsmål til eigenvurderinga, planlegg og evaluerer felles utviklingstiltak og kjem med framlegg til løysingar i prinsipielle spørsmål som er relevant for kompetanse og kvalitet. Kvar skule har eiga plangruppe/utviklingsgruppe som gjennom dialog skal sikra forankring og forståing hos skulen sine tilsette for nødvendige utviklingsprosessar, mål, strategiar og tiltak.

Når: april/ mai. Vert det avdekka kritiske område, til dømes om elevane si læring, læringsmiljø, økonomi, manglande kjennskap til gjeldande regelverk eller anna, utarbeider leiar for skule og den aktuelle rektoren ein skriftleg avtale om å følgja dette opp.

Kven: elevar, lærarar, skuleleiing, tillitsvalt, VO, rektor og skuleeigar

Korleis:

- Del ein: breitt samansett dialogmøte som byggjer på skulen si eigenvurdering med brei deltaking, involvering og samarbeid
- Del to: kvar skule har eiga plangruppe/utviklingsgruppe der skulen si leiing og lærarrepresentantar inngår som har dialog med skuleeigar
- felles prosessguide for dette dialogmøtet som byggjer på formatet *Lærende møte og prosessar*

Føresetnad:

- alle aktørane i fellesskap har forståing for kvarandre sitt ansvar og behov
- aktørane har en grunnleggjande tillit til kvarandre i arbeidet mot eit felles mål

Mål:

- sikra kvalitet og kontinuitet i felles utviklingsarbeid for skulane
- gruppa gir innspel til utarbeiding av spørsmål til eigenvurdering, planlegg og evaluerer felles utviklingstiltak
- foreslår løysingar på prinsipielle spørsmål som er relevant for kompetanse og kvalitet
- rom for å ha med perspektiv frå alle dei involverte aktørane denne organiseringa gir. Det legges opp til involvering, samarbeid og dialog

Dialog med føresette vert er fastsett i eit eige kommunalt årshjul og det vert gjennomført samlingar for elevråda kvart år

Tidsbruk: 3-4 timer avhengig av storleik på skule

Etterarbeid og oppfølging: Skulane si eigenvurdering og dialogmøta er grunnlaget for tilstandsrapporten til kommunestyret, jmf. Oppl.lov § 17-12 og leiardialog 1 ved skulestart.

